

Innsatsen deira krympar sosialbudsjettet

Flest mogleg ut i jobb så raskt som råd – det er målet til sysselsettingsteamet på Nav Voss. Sidan oktober har dei hjelpt 63 flyktingar ut i arbeid, noko som lønar seg for både den enkelte og heradet.



Sysselsettingsteamet i Nav Voss kan vise til gode resultat. Framme f.v. avdelingsleiar Merethe Risnes Johansen, Gunnhild Tjoflaat, Katarina Chlupikova, Iselin Solend og Hilde Kyte Johnsen. Bak f.v. Vita Reznik og Aina Åhlund Reime.

Tekst og foto: Ingunn Halvorsen

Ein flykting som blir busett i Voss herad, vil oppleve at jobbkonsulenten frå Nav tek kontakt tidleg. Sysselsettingsteamet vil helst kome i gang allereie medan personen går i introduksjonsprogrammet, slik at overgangen til jobb eller skule skjer på direkten.

– Det er veldig viktig at dei får vite kva dei skal gjere. Språk er kanskje det største problemet, for inntil eitt år med norskopplæring er lite for dei fleste. Det hjelper å kome raskt ut i arbeid, seier Vita Reznik.

Snakkar ukrainsk og russisk

Ho veit kva ho snakkar om, etter sjølv å ha flykta frå Ukraina i 2022. No er ho tilsett i sysselsettingsteamet og held kurs om det norske systemet på morsmålet for nye flyktingar. Kollega Gunnhild Tjoflaat kan russisk, så teamet er godt rusta med språk.

Til saman er dei seks tilsette, der to jobbar med sosialhjelp og fire som jobbkonsulentar.

- Det fungerer godt å jobbe tett. Vi kan legge betre til rette når vi veit meir om heile livssituasjonen til flyktingane, seier Aina Åhlund Reime. Ho opplever at dei fleste er klare for å følgje ein ny karriereveg når dei kjem til eit nytt land.
- Vi jobbar etter mykje same mal som ein jobbspesialist, med 20-30 brukarar kvar og tett kontakt med arbeidsgivarar, fortel Gunnhild.

Marknadskontaktene på kontoret er kopla på, og det same er flyktningkoordinator, integreringstenesta og vaksenopplæringa i heradet.



Då Vita (t.v.) kom til Voss som flyktning frå Ukraina, var Hilde Nav-rettleiaren hennar og den einaste rettleiaren på feltet. I dag er dei kollegaer i sysselsettingsteamet.

Startar med dei som er nærmast jobb

Avdelingsleiar Merethe Risnes Johansen ser det som ein styrke at teamet har kompetanse på mange fagfelt. Ho rosar også flyktningkoordinatoren i heradet for å vere tilgjengeleg og flink til å finne løysingar.

- Så har vi valt å fokusere mest på dei personane som er nærmast jobb. Vi brukar lønstillskot og andre verkemiddel for å få dei ut i lønna arbeid så fort som råd, og sikre at dei ikkje gror fast. Argumentet vårt for å satse på dette teamet var at vi ville sjå effekten i form av innsparing på sosialbudsjettet. Og det gjer vi, seier ho.

Sidan oktober 2024 har 63 flyktingar fått jobb gjennom sysselsettingsteamet. I tillegg er 80 no i arbeidsretta tiltak eller oppfølging.

Suksessoppskrift

Flyktningkoordinator Kim Jarle Wroldssund har rekna på det (sjå faktaboks).

– Det vart raskt tydeleg at innsatsen til sysselsettingsteamet bar frukter. No ser vi at flyktingane går raskare ut av Nav-systemet enn dei kjem inn. Dette er eit godt døme på kva som skjer når kommunen prioriterer tett oppfølging, tidleg innsats og målretta samarbeid mellom Nav og dei kommunale tenestene, seier han.

Kontaktperson



Johansen, Merethe Risnes

MJA1235

Brukar mindre pengar på fleire


- **2023:** Voss herad brukte 40 millionar kroner på livsopphald for flyktingar utan jobb eller utdanning.
- Heradsstyret vedtok å ta imot 100 nye flyktingar i 2024, og dei venta ein auke i utbetalingane. Men det motsette skjedde.
- **2024:** Utbetalingane til livsopphald gjekk ned frå 40 til 38 millionar kroner.
- **2025:** Anslaget for året ligg på 30 millionar kroner og blir lågare for kvar månad.
- I tillegg kjem auka skatteinntekter og den verdiskapinga flyktingane bidreg med i arbeidslivet.

Kjelde: Flyktningkoordinator i Voss herad

Vita fekk hjelpe av Hilde for eitt år sidan. No er dei kollegaer i nyoppstarta team



Klikk på biletet for å lese meir om sysselsettingsteamet i reportasjen frå avisa Hordaland.



Oversikt Ukrainarar i Vestland - Mars 2025

På sida Om Nav Vestland/Tal og fakta finn du tal for ukrainarar i Vestland.